

Bygdabladet

for BOKN



Marius Sunde kom øverst på resultatlista under fylkesfinalen i sykling for sjuandeklassingar på heimebane 15. september. Irmelin Taraldlien fekk ein flott 8. plass i jenteklassen.

Les meir s. 4



På Nerabø på Austre Bokn har Bjarne Nedrebø spesialisert seg på å laga rennabilar, kjelketrekk, traktorar og anna teknisk utstyr i mindre storleik, men som flotte kopiar av originale utgåver.

Les meir s. 6



Ei underliggande vemodig stemning prega mange av dei faste kundene og andre fastbuande i Alvestadkroken då dei etter kvart tomte hyllene under utsalget av restbehaldninga 27. august.

Les meir s. 8



RDFØRAREN RDET

Gassferjer

Som de sikkert har registrert så har det vore mykje omtale av dei nye gassferjene i media og det er diskutert namn på ferjene. Eg trur at dei nye ferjene blir svært flotte med betre kapasitet, men det verkar som om dei vil få svært dårlig tid ved lossing og lasting for å halde rutetidene.

Avkjøring i 2-3 kjørebanel med til saman bortimot 200 bilar vil medføre kork når bilane skal inn på vegen og dei vil bruke lenger tid på lossing enn berekna. I tillegg kjem dagar med dårlig vér med surring av bilar og lengre seilingstid.



Illustrasjon.: Fjord1

Å gå over til gass gjer at utslepp av CO₂ og NOX vil gå drastisk ned og vere med på å betre miljøet. Sikkerheten er minst like god som på vanlege ferjer.

Reservekaiar

Det er betenklig at Noregs nest største ferjesamband kan stå i fare for å bli stengt nokre dagar når ferjene, av ulike årsaker, ikkje kan gå til dei vanlege fejekiane i Arsvågen eller Mortavika. P.g.a. spesielle krav til ferjestøa for dei nye ferjene kan ikkje andre ferjestøer nyttast.

Fylkeskommunen og kommunane vil nå ta opp denne saka med Vegvesenet for å sjå på mulege løysingar.

Innspel på namn

Som de har sett så ønskjer eg at ei av ferjene skulle heite "BOKN". Då det kan vise seg vanskeleg ønskjer

eg innspel på andre namn som kan knytast til Bokn. Eg har sjølv tenkt på "Boknasund".

Fjord1 opplyser elles at dei er i dialog med dei tilsette på ferjene og i billettbuene for vidare arbeid når dei overtek. Håper det løyser seg til det beste for alle tilsette.

Kommunestrukturen

Arbeidet med kommunesamanslåinga går framover og det er ein svært god og positiv stemning i gruppa for å få fram eit best muleg grunnlag for å diskutere å avgjere om Bokn fortsatt skal vere eigen kommune eller ikkje.

Styringsgruppa vurderer nå korleis me skal få ein god diskusjon om namn på ein eventuell ny kommune, kommunesenter og kommunevåpen.

Kommunane går nå gjennom tenestene for å sjå korleis dei er nå og korleis dei vil bli i ein eventuell ny kommune.

Styringsgruppa har hatt møte med statssekretær Just H. Johansen i kommunaldepartementet.

Det var klare signal frå han at departementet vil bidra med midlar i ein eventuell samanslåingsprosess. Storleiken på midlane og kva dei kan nyttast til vil bli gjenstand for ein god diskusjon internt i Bokn og saman med Tysvær før ein endelig søknad vert sendt.

Styringsgruppa har og vedtatt at dei vil be om ekstern hjelp til å få vurdert økonomi og utviklingstrekk i dei to kommunane og på Haugalandet både som sjølvstendige kommunar og samanslattede. Korleis vil lokalsamfunnet på Bokn bli i framtida og kva vil me? vil bli spennande å diskutera.



Slik røysta boknarane

Parti	Prosent		Stemmer	Forhåndst.
A	15,4%	(+6,1%)	71	12
SV	4,1%	(-3,2%)	19	5
SP	19,3%	(+6,1%)	89	5
KRF	14,6%	(-10,7%)	67	9
V	3,9%	(0,4%)	18	3
H	12,6%	(-2,7%)	58	7
FRP	23,7%	(+8,4%)	109	19
RV	0,7%	(+0,4%)	3	0
KYST	4,6%	(-4,5%)	21	4
KSP	0,7%	(+0,2%)	3	1
PP	0,4%	(+0,4%)	2	1



DEN NORSKE KIRKJA
Bokn sokneråd



Soknerådsval 2005

**Desse blei valde inn i soknerådet i Bokn
12. september:**

Medlemmer:

Bjørn Eirik Gundersen
Bernhard Våge
Leiv Våga
Lillian Grønnestad
Daghild Grønnestad Alvestad
Ingrid Jøsang

Varamedlemmer:

1. Reidar Alvestad
2. Sigrun Hole Hosaas
3. Eva B. Svendsen
4. Rune Pedersen
5. Eivind Øvrebø

Me bør halda Bokn presentabelt

Reidar Alvestad

Ved Føresvik

Bokn kommune eig eit område på høgre side av vegen mellom Sæbø og Føresvik før ein kjem til bakken ned mot Føresvik med det blå skiltet kor det står "Føresvik".

Dette området er innfallsporten ned mot sentrumsområdet på kaien med butikk, post og hurtigbåtanløp, og burde haldast såpass vedlike at det ikkje skjemmer ut slik som i dag. Ein klipperunde for å fjerna høymolen ville hjelpe.

Slik det nå ser ut, står høge, visna brune høymolar over heile området og vitnar om at ingen bryr seg om kor dårlig inntrykk det gir både for fastbuande og besökande. Både folk som bur i området og andre har kommentert det og synes det er skammeleg, og håpar at dette blir retta på.



Her ved starten på Føresvikområdet ser det nokså ustelt ut med ein skog av brun visna høymol.

Tusenårsplassen

Ved tusenårsplassen med kvernhuset ved Kvednabekken er det planta ein fin blodbøk, og lagt heller eit stykke utanfor kvernhuset. Hellelegginga ser ut til å vera avslutta før det er ferdig, og det ligg ein sandhaug der, antakeleg tenkt som underlag for ei sluttføring av hellelegginga. Området er fint, men blir skjemd av at det ikkje blir halde vedlike.

Også her veks det ein skog av høymol som skjemmer heile området, og det skulle vore gjort ferdig med omsyn til hellelegginga. Eldrerådet har drøfta kor vidt dei kunne hjelpe til med dugnad for å halda området ved like, og ta det meir i bruk, men fleire av dei eldre meiner dei har meir enn nok med eige hagearbeid.

Dette kan høyrast sytesamt ut, men er det nokon som har gode idear for å gjera noko med det, eller er det kommunen som må feia for eiga dør? Me kan vel ikkje vera bekjende av at det skal sjå slik ut?

Søraust ved Boknabergsvatnet


Ved søppelcontaineren ved Boknabergsvatnet er det gjennom heile året forskjellig rusk og rask som blir plassert ved siden av containeren. Av og til i høgesongen for ferieavvikling på hytene, er det ikkje alltid plass til alt søppelet, og det blir sett ein del utanfor.

Ein annan ting er at det er folk som plasserer større gjenstandar på plassen som ikkje høyrer heime der. I dag veit vel dei fleste at utrangerte elektriske artiklar som komfyrar, kjøleskap etc. skal leverast hos elektrobutikkane, uansett om du skal kjøpa nytt eller ikkje. Det er ikkje tillatt å setja



Uavslutta steinlegging med sandhaug i forgrunnen og nok av ugras og høymol skjemmer tusenårsplassen i Bokn. Dette skulle vera ein fin oase ved Kvednabekken også prega av estetiske verdiar.

slike ting på dei kommunale oppsamlingsplassane. Likevel er det dei som gjer det.



Komfyr og kjøleskap ved oppsamlingsplassen ved Boknabergsvatnet i august 2005.

Containarar blir tatt bort

Toraneset er frå 01.01.05 gått inn i det som heiter Haugaland Interkommunale Miljøverk. Driftsleiar Jens Bakke seier at containeren ved Boknabergsvatnet er fjerna for godt. Containeren i Knarholmen vil sannsynlegvis også bli fjerna.

Dette fordi containarane blir misbrukte ved at folk kastar allslags typer avfall oppi og rundt, også store elektriske artiklar som skal leverast til forhandlarane.

Dette er ikkje noko særskilt problem i Bokn berre i Bokn, men også i dei andre medlemskommunane. Ein vil prøva å få til eit mottak for større elektriske artiklar i samarbeid med Coop Bokn dersom det let seg gjera, men ennå er ikkje ordninga i gong. I dag tar dei berre imot småelektriske artiklar. Det går nok mot at folk vil få ein eigen dunk heime for papir og papp.

Miljøverket vil etter kvart koma ut med meir informasjon.

Til topps i sykkelmeisterskap


Jardar Havikbotn

Marius Sunde kom øverst på resultatlista under fylkesfinalen i sykling for sjuandeklassingar på heimebane 15. september. Irmelin Taraldlien fekk ein flott 8. plass i jenteklassen.

Marius og Irmelin, som etter ein sykkelknapprove i vår blei plukka ut til å representera klassen sin, fekk besøk av 40 andre jamnaldra syklistar frå heile fylket, som skulle visa kva dei hadde fått med seg av sykkelopplæringa forrige skuleår.



SPENTE: Irmelin Taraldlien og Marius Sunde måtte, som dei siste deltakarane, vera nervøse ekstra lenge, men leverte ein kjempeinnsats når dei slapp til.



INNSATS: Irmelin sykla inn til ein flott 8. plass i jenteklassen.

trafikantane gjaldt det å få minst muleg prikker under prøva.

- Eg trengte ein ny sykkel, for nå lånte eg pappa sin, seier ein glad Marius til Bygdablatet.

Han syntest den praktiske prøva var lett og var mest nervøs for teoritesten.

Irmelin var mest nervøs for dugleksprøva. I tillegg

følte ho eit "press" frå heiagjengen (klassen).

- Eg blei nok litt forstyrra av dei då eg tok ferdighetsprøven og gjorde ein del feil, men folk må jo få lov te å heia.

Og hadde Irmelin kome lenger opp på resultatlista hadde ho kanskje fått den premien ho ynskja seg mest; den svære 2. premiekopalen.

- Hadde egentlig ikkje så lyst på ny sykkel, eg. Den eg har e god, men i dag punkterte eg, så pappa må fiksa'n.....

Dei er samde om at gateløpet var enkelt, kanskje litt pga. heimebanen. Det vanskelegaste var faktisk å velja seg kva sykkel dei skulle sykla på. Irmelin sykla på ein med uvant styrre medan Marius hadde problem med sin.

- Kjettingen datt av, men me sykla ikkje på tid, smiler vinnaren blant gutane.

Løypa var laga av Bente Lyse i Trygg Trafikk, og ho køyrd rundt og rundt fleire gonger for å laga meir trafikk i traséen enn det som måtte vera på Vestre Bokn ein torsdags føremiddag.

Før premieutdelinga etter middagen fekk 9. klassingane ved Bokn skule, som hadde vore kontrollørar, velfortente gåver. Dei åtte beste i sine klassar fekk



I LØYPA: Marius er snart ferdig med gateløpet sitt. Kontrollør Wolfgang B. Ognøy fylgjer godt med frå toppen av røyret.

Etter ein teoriprøve var det på med hjelmane for nervøse 12-åringar og å gjera seg klare til den praktiske prøven, som bestod av ein balanseutfordrande dugleksprøve og eit trafikkløp på 3,5 km. For dei unge



HEIMESIGER: Varaordførar Kleng Våga gliste ekstra mykje då han leverte 1. premien til ein boknar.

premie, resten kom på delt 9. plass. Varaordførar Kleng Våga var med for å kasta glans over arrangementet, og gliste like mykje som vinnaren i gutteklassen då han overleverte ein splitter ny sykkel, ein DBS EDGE, til Marius.

Tidlegare på dagen hadde varaordføraren m.a. fortalt om den store trafikkutviklinga i kommunen; frå då han som guttunge blei bedt om å passa seg for bilen, og ikkje bilane, i ei tid med 6 km veg og 24 grinder - til i dag med om lag 100 bilar på til dels farleg og svingete veg, utanom trafikken på E39 som har kravd sju menneskeliv på 14 år.

I år var det øykommunanes sykkelår, og 1. premien i jenteklassen gjekk til Kvitsøy skole ved Rakel Helen Ø. Meling.

Me gratulerer!

Bokn har vunne to gonger tidlegare i løpet av fylkesfinalen sin 18 årige historie, ved Kirsten Hosaas og Magne J. Ognøy.

Trygg Trafikk, som arbeider for best muleg trafikksikring for alle trafikantgruppe - der hovudoppgåva er trafikkopplæring i heim, skule og barnehage, samarbeider med Motorførernes Avholdsforbunds Ungdom, Statens vegvesen, Fylkestrafiksikkerhetsutvalget og ein vertskommune kvart år om fylkesfinalen i sykling.

Det var kjekt å vera medarrangør og ekstra stas når deltakarane våre gjorde det så bra!

RESULTAT 2005

GUTAR

1. Marius Sunde	Bokn skule	Bokn kommune
2. Thomas Opheim	Risvoll skule	Sauda kommune
3. Anders Hundhammer	Ølen skule	Ølen kommune
4. Mindor Hobberstad	Varhaug skule	Hå kommune
5. Sjur S. Førland	Vinjar skule	Suldal kommune
6. Even Aasen	Lillesund skole	Haugesund kommune
7. David Eie	Nordre Strand skule	Strand kommune
8. Jon Kåre Eggebø	Finnøy sentralskule	Finnøy kommune

JENTER

1. Rakel Helen Ø. Meling	Kvitsøy skole	Kvitsøy kommune
2. Ann Kristin Birkemo	Håland skole	Sola kommune
3. Helene Haugen Johnsen	Grøne Bråden skole	Eigersund kommune
4. Monica Ramsnes	Risvoll skule	Sauda kommune
5. Siw Tone Hetlelid Saghaug	Nordre Strand skule	Strand kommune
6. Randi Osland	Vikeså skule	Bjerkreim kommune
7. Sarah Østbø	Engelsvoll skule	Klepp kommune
8. Irmelin Taraldlien	Bokn skule	Bokn kommune

Vindu mot verden

Høgt over Bokns tak står ein TV-antenne. Den strekke seg høgt opp i loftå å e utstyrt med lys sånn at ikkje julanissen eller andre lågtflygande ska kjøra inn i na.

I klarver e u ikkje så verst å se på men det er når hu stikke opp øve skyene hu virkelig komme te sin rett. Karmøybuen seie at

når Boknafjedlet har fått hatt så ta regnkler på. Strengt tatt gjer me vel det sama her....

Eg har hatt stor glede av mastå. Den har sørga for at eg har fått adspredelse i kvarldagen å forhekxa meg med nyheter fra fjernt og nært. Her ein dag tok eg med meg ein påse med chips å skrudde på

fjernsynet., men det blei ingen flimring med elektriske signalar i fargar. Det flimra ikkje ein gong i svart-kvitt. Skjermen var å blei tomme. Lette overtaleser og bruk av kraftuttrykk hadde ingen virkning. Fjernsynet ga ikkje ein lyd fra seg. Mastå skein med sine lys men til ingen nytte. Signalene gjekk mot nord,sør,vest og øst.

De gjekk heil sikkert opp å ner óg. Den little bordantennen min gjorde nok fortsatt sitt besta men vin- duet mot verden skrompte kraftigt inn.

Nå va det ingen katastrofe- i disse dager er ikkje verden alltid så vakker å se på, men det var den fotballkampen då.....

Kjetil Hamre

Minitraktor med fullt utstyr til siloslåtten

Reidar Alvestad

Minimodellar til garden

Mange likar å leika seg med minitogbanar, små fjernstyrte fly eller båtar. På Nerabø på Austre Bokn har dei tre gutane til Trond og Ellen Nedrebø i mange år drive med å bygga rennebil, kjetrekker, traktorar og anna teknisk utstyr i mindre storleik, men som flotte kopiar av originale utgåver.



Bjørn med dei 4 flotte maskinane framføre seg. Bak han står modellen han har gått ut frå når han har laga den vesle traktoren, nemleg ein 365 VALMET.

Fra v. framfor han står miniutgåva av traktoren, av rundballe pressaren, rundballepakkaren og gjødselspreiaren.

Det er særleg den eldste av dei tre, Bjørn, som har spesialisert seg på dette. Det siste han har gjort ferdig, er minimodell av traktoren på garden, rundballe-



Her står Bjørn med maskinar og reiskap som han har laga framfor seg. Rett framfor han står ein behaldar for gras som fungerar som eit hjelpemiddel for rundballpressaren ved at den legg graset i ein rull etter seg, klar til å mata rundballpressaren.

pakkaren, rundballepressaren og ei teknisk innretning for å legga graset klar for rundballepressaren. På eit prosjekt på ungdomsskulen for eit par år sidan laga han også ei miniutgåve av ein gjødselsspreiar. Han laga også ein minimodell av ein traktor for 2 år sidan.

Mekanikken fungerar

Så er det faktisk slik at minireiskapane fungerar som dei skal. Rundballepressaren presser graset til rundballar og kastar dei ut som på ein original modell. Rundballepakkaren pakkar rundballane med gras inn i plast som han skal gjera, og slik er det også med alt det andre han har laga.

Bjørn utførte ein demonstrasjon av dette, og det fungerte perfekt. Han har brukt gras som er slått av plenklippar til føremålet, for å få rette proporsjonane i forholdet mellom reiskap og gras, og det går som smurt.

Askeladden

I eventyret var det Askeladden som samla på alt muleg som han fann. Bjørne har og litt av same tankane, om at mykje kan nyttast til noko. Han ser nok på ein måte løysingane for seg, og har tatt i bruk alt frå plenklipparmotorar, hjul frå tohjulstraktor, seter frå trøttraktorar og liknande, støttehjul frå sykkel og hundre andre ting som han har tatt i bruk. Bjørn fann mykje brukbart i dei store samlehaugane då bøndene samla inn allslags "skrot" på gardane sine tidlegare i år.

Lager og verkstad

I driftsbygningen på garden finst det både eit stort lager som inneheld all verdens slag avdanka utstyr, stålplater, maskinar, og ting og deler som ein gong i framtida kan nyttast til nye konstruksjonar. Og det er ikkje berre brukte ting som ligg lagra. Det må også kjøpast inn nytt materiell. Sveiseapparat, skjerebrennar og anna utstyr er også flittig i bruk for å få konstruksjonane til.

Og Bjørn er ikkje aleine om å bruka verkstaden. Både faren Trond og dei yngre brørne Henrik og Eirik nyttar noko av fritida her. Henrik har for tida eit prosjekt saman med kameraten Vidar kor dei skal bygga ein racerbil.

Bjørn fortel at han brukte eit års tid på å laga rundballepressa. Rundballepakkaren brukte han berre 2 mnd. på å få ferdig. På denne brukar han same plasten som blir brukt på vanlege rundballepakkurar, men tilpassa mini-grasballane. Det er ganske imponerande å sjå på når ballane blir pakka.

Tålmod må til

Bjørn seier at det kan vera litt av ein tålmodsprøve



av og til når han ikkje får reiskapen til å virka slik som han skal. Då får han mest lyst til å kasta det. Men med litt prøving og feiling brukar han å få til det messte. Og ein skal ikkje prata lenge med han for å skjøna at han er av ein avbalansert natur som i forkant planlegg og har forstått kva som må til for å få ting til å fungera, før han set det saman.

For tida går han i 2. klasse maskinistlinje i Haugesund.

I fagblad

For kort tid sidan var Dag Idar Jøsang i bladet **Norsk Landbruk** på besøk hos Bjarne. Så det kjem nok ganske snart, eller er alt kome ein artikkel om Bjarne sine landbruksmaskinar i dette bladet.

Det er ei artig oppleving å sjå rundballepakkaren i aksjon. Her fiksar Bjarne på ein teknisk detalj.

Set farge på våren

Jardar Havikbotn

Saman med jannaldra barn over heile landet sette gruppe 5 på skulen ned 100 løkar med tulipanar, påskeliljer og krokus 22. september.

Bokn skule blei trekt ut blant 600 femtetreningsgruppe over heile landet og fekk tilsendt ein kasse med blomsterløk, brosjyre og informasjon om blomsterløk og korleis han skulle setjast.

Informasjonsansvarleg Tonje Bergh ved **Opplysningskontoret for blomster og planter (OBP)**, som står bak det landsomfattande prosjektet, fortel i ei pressemelding at målet er at elevane skal læra om løkblomster gjennom ein annleis skuledag.

- Tenk på kor mykje fint som kjem opp av dei stygge løkane som de set i jorda, sa kontaktlærar Solveig Våga til gruppa si, etter at jobben var gjort og elevane formodde kunne sjå på det mørke området ved flaggstanga og tenkja på fargane som kjem til våren.

OBP har ein intensjon om at dette prosjektet vil festa seg i hovuda til barna som noko lærerikt, spennande og som eit godt minne.

Etter det Bygdabladet kjenner til er også skular på Bømlo, Sveio og Tysvær trekte ut til å vera med på blomsterløksettinga.



IVRIGE: foran med ryggen til med klokka ser me Oddgeir Hognaland, Remi Jøsang, Henrik Nedrebø, Kristian Nilssen, Bettina Vik, Maria Nilssen, Øyvind J. Ognøy, Andreas Våge, Marianne Sunde og Regine Nilsen lengst til høgre i bildet.

Å bygga ein demning

Ein favoritt fra min barndom va å bygga demningar i småbekkane. Eg hadde goe hjelp av bror min å onkel Eivind. Demningane blei bygde av grastuer, store steinar å ein å aen

pinne for støtten sin del. De konne bli store demningane våre å med dagens strømprisar konne våre heimelaga vasshjul vikelig slått an! Ligavel var det vel gjevest når demningen brast. Bekken flomma over å me sprang nerøve for å

holda følge. Ein båt fulgte gjerna med strømmen. Spenningen var stor, kor langt selite han før det blei strandhogg eller ville han forsvinna i godt dimenjonerte rør heilt te Haffen?

Så var det på an ig-

jen. Ein nye demning sko byggast. Det var vått arbeide men ufattelig morsomt. Det sorkla godt i støvlane når me endeligt gjekk heim. Te tross for at me hadde snudd de på håvet minst ti gonger!

Kjetil Hamre

Då Alvestadkroken mista sjela

Tekst: Reidar Alvestad - foto: Jardar Havikbotn

Litt uverkeleg

For nokre år sidan var det eit møte i Sjøhuset i Alvestadkroken kor den kjeden som butikken hadde gått inn i, var representert. Representanten som snakka om korleis dette nye skulle fungera, sa at det omrent var like ille for ein stad å mista nærbutikken som å mista skulen.

Kanskje er det ikkje like ille, men ei underliggende vemonig stemning var det nok som prega mange av dei faste kundene og andre fastbuande i området som etter kvart tømte hylene under utsalget av restbehaldninga 27. august.



Det var ganske fullstappa i butikken den siste dagen då prisane låg på 40% av full pris.

Helsing frå turbåtfålene


Mange turbåtar heimehøyrande i området markerte den avslutta epoken med handel og drivstoffylling ved at dei samla seg ved kaien. Også for dei er det ein avslutta epoke med å fylla bensin og gjera handel i butikken.

Ennå ein møteplass og arbeidsplassar er borte

Det synest som at nedlegginga av denne butikken er eit unngåeleg steg i rekka av den "moderne" tida. Ingenting er som før, og me må alle tvinga oss til omstillingar og vidare utvikling i samfunnet.



Mange båtar hadde samla seg ved kaien på siste opningsdag for butikken i Alvestadkroken.



Inne i butikken frå v. Steinar Alvestad, Svein Ove Alvestad, Arne Ognøy og Espen Alvestad.

Så spørret det då om det er ei god utvikling, særleg med tanke på dei sosiale møteplassane me tidlegare hadde, som me er i gong med. Kva skal erstatta desse? Tidlegare hadde me møteplassar mellom generasjonane på ferjene, på forsamlingshus, på dansetilstellingar, på nærbutikkane osv. Noko av dette finst ennå, men folk har det meir travelt enn før, og det blir meir eit nikk enn ein prat på ein travel shoppingrunde i kjøpesenteret.



Tidlegare butikkjøpmann, Tor Harald Alvestad (m/kaffikoppen) saman med kona Dagild, sonen Magnus og faren Lars Magnus.

Ennå finst kaien og sjøhuset, og det ville vore ynskjeleg med ny aktivitet på staden som kunne erstatta noko av det ein mister.

Bokn har mangel på arbeidsplassar, og tapet av dei på butikken er også ein av dei negative konsekvensane av nedlegginga.

"Den enes død, den annens brød"

Styrar Annbjørn Sunde ved Coop Bokn seier han synest det var synd at Bokn mista butikken i Alvestadkroken.

Ved Coop Bokn merkar dei alt nå at dei har fleire kundar, og omsetninga har 3 veker etter nedlegginga auka med 23%. Dei har søkt Norsk Tipping om det agenturet som butikken i Alvestadkroken hadde, men dette er ennå ikkje avgjort.

Marta Sæbø er død, 91 år gammal.

Ho er fødd og oppvaksen på Søndaland. Foreldra var Ragna og Augustin Søndaland.

Marta var midt i ein barneflokk på 12, der fire av desse emigerte til Amerika.

Ho fekk tre barn saman med mannen Nils Sæbø og var husmor av yrke.

Marta var glad i å halda på med handarbeid, hagearbeit og matlagning. Ho var med i forening både i Bokn og når ho flytta til Haugesund i seinare år.

Ho var glad i song og musikk og likte godt å få besök av venner og familie. Marta hadde eit veldig godt humør.

Ho etterlet seg tre barn, fem barnebarn, ni oldebarn og tre tippoldebarn.

**Leif Kro er død, nær 87 år gammal.**

Han var son av Marta og Sivert Kro. Leif vaks opp i Kro, på Austre Bokn saman med sju søstre. Tre av brødrene hans døydde ganske tidleg.

Han blei gift med Borgny og dei fekk fire barn saman. Leif overtok farsgarden og dreiv jordbrukskombinert med fiske. I 1968 begynte han i Det Stavangerske Dampskipsselskap, som matros. Her hadde han sin arbeidsplass til han ble pensionist.

I 13 år budde dei i Stavanger, men Bokn var hans hjarte nærest. Så snart han hadde anledning tok han turen over fjorden til Kro. Her stelte han med hus og hage. Han var en ordensmann, og der var alltid velstelt og fint hos dei.

Då Leif ble pensionist kom dei tilbake til Bokn, og flytta inn i nytt hus i Kro. Han var ein gjestfri mann. Alle var velkomne til dei, og han hadde alltid noko godt i skapet. Leif var glad i familien sin, og hjalp gledelig til



hvis noen trong han.

Han har i alle år gått trofast på bedehuset og i kyrkja. Han har tjent trofast i arbeidet der, og dei siste åra var han mye engasjert i Israelmisjonen og Blå Kors-arbeidet.

Leif hadde ein song i hjarta som han siterte nesten kvar gong me var på besök det siste året, derfor vil me ta denne songen med her i hans minne:

*Jeg er en seiler på livets hav,
på tidens skiftende bølge.
Den Herre Jesus meg kurset gav,
og denne kurs vil jeg følge
Jeg stevner frem mot de lyse lande
med livsens trær på de skjønne strande,
hvor evig sol og sommer er.*

Leif etterlet seg kone, 4 barn, 15 barnebarn og 5 oldebarn

Familien

Nye vaskerutiner på Petra fritidsklubb

Jardar Havikbotn

Etter eit godt besøkt foreldremøte for 6. - 10. kl. den 13.09 vedtok dei føresette at dei som er oppsette som vakter og deira barn skal vaska før arrangementa.

Petra har i fleire år no løna ungdomsskulelevar for vask, noko som har resultert i ca. 10.000 kr. i utgifter kvart år.

Dei unge som er med og vaskar vil koma gratis inn på Petra den kvelden.

Møtet vedtok også at 6. klassingane ikkje får gå på Petra-onsdagane før

etter jul. Tid på onsdagane blir også endra til 18.30 - 21.30.

Endringar, klubbkveldar: 8. klassingane får gå til kl. 24.00 og 9. kl. til kl. 24.00 før jul og til kl. 01.00 etter jul.

Dette betyr at lista no ser slik ut:

- 6. kl. kan gå på onsdagar etter jul
- 7. kl. kan gå på onsdagar - kvar fredag til kl. 22.00
- 8. kl. kan gå på onsdagar - fredagar til kl. 22.00 før jul og til kl. 24.00 etter jul
- 9. kl. og eldre kan gå alle gongene

- 8. kl. kan gå på klubbkveldane til kl. 24.00
- 9. kl. kan gå på klubbkveldane til kl. 24.00 før jul og til kl. 01.00 etter jul.

Det går buss heim til Bokn skule etter H@ll of Fun-arrangementet på Tysværtunet.

Fram til jul er denne sponsa av Rogaland fylkeskommune og er **gratis** dette semesteret, som ein del av prosjektet "Heim for ein 50-lapp".

Vil boknarane miste identiteten sin?

Hanne Marte Vatnaland

Eg har snakka med nokre ungdommar frå Bokn, for å finne ut av kva dei meinar om ei eventuell kommunesamanslåing, og kva dei veit om temaet.



Audhild Sæbø:

Kva veit du om planane om ei eventuell samanslåing mellom Bokn og Tysvær?

Eg kan ikkje seie eg veit så mykje, for eg har ikkje lese eller høyrd noko særleg om det, så eg er nok ein av dei som veit svært lite.

Kva er du for?

Eg trur det beste ville vore å fortsette som eiga kommune, slik at me kan styre oss sjølve, og ikkje berre blir ein liten utkant av ein stor kommune.

Ser du noko som ville vore positivt med ei kommunesamanslåing?

Det som ville vere positivt er jo at me ville blitt ein større kommune, og med det kanskje blitt litt meir samansveiste med menneska rundt oss.

Kva håpar du skjer til slutt?

Eg håpar likevel me held fram som ein eigen kommune, og eg skulle ønske politikarane ville høyre litt meir på oss.



Jørgen Thuestad:

Kva veit du om planane om ei eventuell samanslåing mellom Bokn og Tysvær?

Eg må vel innrømme at eg veit lite og ingenting... Det er helst det eg har høyrd av andre. Men eg skulle ønske at me fekk høyre litt meir om korleis ting ligg an og slikt.

Kva er du for?

Eg er for ei samanslåing mellom Bokn og Tysvær, og eg trur det er det beste for Bokn.

Kvífor trur du det?

For ting ville vorte enklare for Bokn om det blei ein del av ein større kommune, i staden for å vere ein liten utkantkommune som ingen veit om. Det ville vore enklare å bli kjende med dei rundt oss, og vi kunne lært av å vere ein del av noko større.

Ser du noko som kunne vore negativt med ei kommunesamanslåing?

Det einaste eg kan komme på er jo at økonomien kanskje ville vore annleis, at me ville bli tildelt mindre pengar, men eg veit ikkje. Me har det vel ganske fint i kommunen økonomisk no.

Men heilt ærleg trur eg ikkje at det ville by på store forandringane i det heile tatt.



Rakel J. Alvestad:

Kva veit du om planane om ei eventuell samanslåing mellom Bokn og Tysvær?

Eg veit berre at dei har snakka om det, men eg veit ikkje om noko er blitt bestemt.

Kva er du for?

Eg er verken for eller imot ei samanslåing, for eg veit så lite om kva konsekvensar det ville få, og kva det ville ha å seie for oss som bur på Bokn. Sjølv sagt er det jo litt kjekt å vere ei eiga kommune, men eg håpar me får vite litt meir.

Kva håpar du skjer vidare?

Eg håpar til slutt at me har noko å seie, og at me vil bli høyrd på.



Øystein Vågshaug:

Kva veit du om planane om ei eventuell samanslåing mellom Bokn og Tysvær?

Eg veit at dei har hatt ei konsekvensutredning i kommunen, og at det uheldigvis blir diskutert ei samanslåing.

Kva er du for?

Eg er fullt og heilt for Bokn kommune. Viss ikkje vil Bokn bli gløymd, og kommunekontor og slikt vil hovudsakleg vera på Aksdal, ein halvtimme unna.

Ser du noko som kunne vore positivt med ei kommunesamanslåing?

Eg har høyrt noko om at det ville føre til ei økonomisk forbeting, men det trur eg lite på. Me har klart oss åleine til nå, så kvífor skal me ikkje klare oss åleine i framtida?

Kva håpar du skjer til sist?

Eg håpar at Bokn kommune blir Bokn kommune, og ikkje ein liten del av Tysvær. Om det skjer, flyttar eg og kjem aldri igjen.

Også hos ungdommen er det delte meningar om kva som er i beste interesse for Bokn, men dei er alle samde om at dei skulle ønske det var ein måte dei kunne få litt meir informasjon på som var retta mot dei, og at dei blir for lite høyrd.

- Det har tross alt mykje for oss å seie òg, seier Audhild.

- Eg meiner ei samanslåing ville vore det beste, tysværbuarane er jo nokon skikkeleg kjekke folk!, meiner ein positiv Jørgen, medan Øystein ikkje er like positiv:

- Om Bokn blei ein liten del av Tysvær, ville boknarane miste sin identitet, avsluttar han.

Verdas beste land å bu i? - Ikkje for alle


Hanne Marte Vatnaland

Denne artikkelen er skriven til deg som forstår at det kanskje ikkje blir fred i verda om du alleine reiser deg opp og protesterer, men då vil i alle fall fleire høyre deg.

Noreg har gått med på EUs kjemikalietestprogram REACH, kor målet er å teste giftigheita på 30.000 ulike kjemikalar. Det vil seie at EU krev at Noreg aukar talet på forsøksdyr med minimum 50 % dei neste 15 åra, altså 24.000 patte-dyr kvart år, eller 365.000 dyr i løpet av dei 15 åra. Dei vanlegaste dyra å bruke i testing er mus, rotter, kaninar, marsvin og hundar.

Under testinga blir forskjellige metodar brukte:

- Kjemikala blir pumpa direkte inn i magen på dyret ved tvangsföring eller sprøyte.
- Kjemikala blir smurde på huda på dyret, etter at huda har blitt barbert.
- Kjemikala blir pusta inn av dyret i gass-kammer eller med maske over snuta.
- Kjemikala blir sprøyta inn i fosteret til eit dyr.
- Kjemikala blir dryppa inn i auget til dyret.



og meir effektive metodar er sette

i gong, som data-simulator, frivillige personar, celle-kulturar av menneskelag vev og liknande.

Men produsentane velgjer sjølv-sagt den billegaste måten. Og den usikre. Det er berre eit spørsmål om samanlikning ved testing på dyr, ettersom dyrevev og menneskevev, er to forskjellelege ting og vil reagere ulikt på eit stoff.

I Storbritannia og Nederland er testing på dyr innanfor kosmetikk-bransjen straffbart, og Belgia skal også innføre forbod. I Japan og USA kor tala på tilfelle av dyre testing er heilt enorme, er det sett på som topp hemmeleg, og absolutt tabu.

Slik testing skjer også i



Noreg kvar dag, og dyrevernalar i heile landet riv seg i håret og spør når me skal få slutt på galskapen.

Kva kan eg gjere?

Sjølv om ein trur ein står aleine, er det fleire som kjempar aktivt for eit forbod mot testing på dyr. Personleg synest eg det er ei skandale at verdas påstått beste land å bu i, skal vere eit mareritt for dyra, som ikkje har noko høgare verdi enn at dei kan bli fødde til eit liv i smerte,

før dei dør frå eit liv i smerte, medan menneska rundt berre snur seg vekk og ser ein annan veg.

Ein kan sende klagebrev til politikarar og til produsentar for å leggje press på dei, og be dei om å visa litt medkjensle. Ein annan effektiv metode er å boikotte selskap som testar sine produkt på dyr (lister over desse finn du på [dyrevern.no](#)), og heller støtte selskap som jobbar for å få slutt på testing av dyr.

Eit av desse er The Body Shop, verdas 27 mest respekterte selskap, som ikkje bere arbeidar mot dyretesting, men også støttar solidarisk handel, forsvarar menneskerettane, og kjempar for miljøet. The Body Shop garanterar at verken ferdigprodukt eller ingrediensar har blitt testa på dyr. Dei overvaker deira leverandørar, og har eit strengt system for kva dei tar imot og brukar.



The Body Shop brukar betre metodar for å teste, og marknadsføre sine produkt. Det gjer at produkta kostar litt ekstra, men det trengst ikkje ti sekund på å tenke ut at det er verkeleg verdt det.

Fleire selskap enn du trur testar sine produkt på dyr, kjende merker som L'Oréal, MaxFactor, Colgate, Gilette osv, er berre nokre få.

La dei rundt deg få vite kva du synest om at dyr blir mishandla for di skuld, og ikkje still deg i kø sammen med dei som liker å kalla seg "uvitande", dei som ikkje treng å ta stilling til nokon ting som helst.

Tenk deg om, og ikkje støtt denne unødvendige typen dyremishandling.

Barns tanker om kjærlighet og ekteskap

Hvordan føles det å bli forelsket?

- Hvis det tar like lang tid å bli forelsket som det tar å lære seg å sta-

ve, vil jeg ikke bli forelsket. Det tar for lang tid. (Glenn, 7 år)

Hvordan kan man se at to personer som sitter på restaurant er kjærester?

- Hvis han betaler for maten, er de kjærester. (Bobby, 9 år)

- Kjærester kan sitte og se på hverandre og la maten bli kald. Andre spiser mens maten er varm. (Bart, 9 år)

- Se etter om mannen har leppestift i ansiktet. (Sandra, 7 år)

Hvordan lærer man seg

å kysse?

- Det hjelper om man ser på såpeserier hver dag. (Carin, 9 år)

Hvordan får man kjærligheten til å vare?

- Glem ikke navnet på kjæresten... da blir det bråk. (Erin, 8 år)

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

SEPTEMBER

- 30.-
01.okt. Ulv og Meis-tur til Rønningen

OKTOBER

01. Irsk aften, arr. Bokn idrettslag
03. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 04. Speidar - patruljemøte
 05. Basar Indre Sjøm.misjon på Bedehuset kl. 19.30
 09. Gudsteneste kl. 11.00
 09. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
 Veke 41 Haustferie, Bokn skule
 11. Kommunestyremøte
13. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00 - sjå nede på sida
 15. Seminar, Bokn brass
 16. Ekornspeidaren på tur til Speidarskogen, oppmøte ved busshytta i Knarholmen kl. 15.00
 16. NMS på Bedehuset kl. 19.30
17. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 18. Kino i Auditoriet
 18. Ulv og meis, speidar - førarmøte
 20. Soknerådsmøte på Bedehuset **kl. 19.30**
 21. Bedehusbasar kl. 19.30
 22. Auksjon, arr. Bokn musikkorps
 23. Gudsteneste kl. 11.00
 25. Formannskapsmøte
27. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00
27. Haustfest for eldre i gymsalen kl. 17.30 - arr. Bokn eldreråd/Bokn pensjonistforening
31. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30

NOVEMBER

01. Ulv og Meis- opptak, Speidar - patruljemøte
03. Kulturveld på Bedehuset kl. 19.00 m/Pater Pollestad - sjå nede på sida
 06. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
 06. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps

08. Speidar-opptak på Bedehuset
10. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00
11. ABR-senteret har basar kl. 19.00 på Bedehuset
 13. Gudsteneste kl. 16.00 - Bibel til 4-åringane
14. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 15. Kino i Auditoriet
 15. Ulv og Meis, Speidar - patruljemøte
 15. Formannskapsmøte
 19.-20. Seminar, Bokn skulekorps
 20. Ekornspeidaren går tur til radaren på Austre Bokn, oppmøte i Nordre Våga kl. 15.00
 22. Speidar - førarmøte (blindebukk)
24. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00
 24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
 26. Seminar, Bokn brass
 27. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse, alle speidarar (Ulv og Meiser, Ekornspeidere)
28. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 29. Ulv og Meis, Speider - patruljemøte

DESEMBER

01. Formannskapsmøte
 01. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 06. Grøtfest for speidaranne kl. 18.00 på skulen
08. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00
 11. Gudsteneste kl. 11.00
 11. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
12. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 13. Kino i Auditoriet
 13. Kommunestyremøte
 18. Nissemarsj, arr. Bokn idrettslag
 18. Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00, arr. Ekornspeidaranne
 24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 28. Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00
 31. Gudsteneste kl. 16.00

Formiddagstreff

14. og 29. september hadde me formiddagstreff for store og små oppe på Kyrkjebygd. Me var 22 tilsaman med

store og små, kjempeflott!

Nokre var ute og leika mens andre var inne. Me hadde påsmurte rundstykker til lunsj og friske grønnsaker som snack. Dette var riktig kjekt, så me blei samde om

at kvar oddetalsveke vil me gjenta dette.

Organiseringa går på rundgang.

Me ønsker alle hjerteleg velkomme neste gang som blir torsdag 13.

oktober kl. 11.00-13.00.



Pollestad til Bokn

Møt pater Kjell Arild Pollestad på Bokn bedehus torsdag 3. november kl. 19.00


Kjell Arild Pollestad er født i 1949 på Jæren, er katolsk

prest og tilhører Dominikanerordenen. Sin teologiske utdannelse fikk han i Oslo, Toulouse og Roma. Fra 1988-96 var han sogneprest i Tønsberg. Pater Pollestad er en flittig bidragsyter til dagspressen og NRK og har skrevet en rekke bøker, som alle er blitt store salgssuksesser.

I sitt forfatterskap deler Pollestad generöst sine enorme

kunnskaper med leseren og mestrer elegant spennet mellom hverdagslivets tilsynelatende småatterier og de store filosofiske og religiøse spørsmål.

Hans verden er stor, kaleidoskopisk og farverik. Han behersker en rekke språk, skriver med både humor og alvor og har et stor og trofast publikum.



Helseinfo

Som det ble nevnt i første helseinfo i Bygdabladet nr. 6/05 så har vi i tverrfaglig gruppe hatt fokus på forebyggende helsearbeid de siste par årene, med hovedvekt på ernæring og fysisk aktivitet. Dette er ikke tilfeldig valgte områder. Det er også disse områdene det satses på fra sentralt hold.



Undersøkelser har vist at norske tiåringer sitter i gjennomsnitt ti timer hver dag, de spiser for mye sukker og for lite frukt og grønnsaker. Følgene av denne ueheldige utviklingen ser vi daglig både hos helseøster, fysioterapeut og lege.

De fleste kjenner til hvilke helseproblemer dette kan gi; overvekt, muskel-og skjelettplager, mer hjerte-karsykdommer, økning i enkelte kreftformer, sukkersyke, dårlig tannhelse, fordøyelsesproblemer og psykiske/psykososiale problemer. Lista er lang!

Hva kan vi gjøre med det? Hovedpoenget er at her er

det ikke helsevesenet som skal kurere eller finne medisiner som lindrer, her er det hver og en som selv må ta tak i sin egen livsstil! Vi som helsepersonell må prøve å opplyse, informere og oppmunstre våre brukere til selv å velge en sunn livsstil.



Å ha et sunt kosthold og en livsstil som er aktiv nok til å gi helsegevinst, er ikke så vanskelig som mange tror. Det er ikke strenge dietter eller harde treningsprogrammer som er nødvendig. De fleste av oss kan redusere risikoen for ovennevnte sykdommer ved hjelp av noen få, enkle omlegginger av den daglige rutinen.

Trenger du hjelp til å komme i gang? Råd om endring av kosthold, mosjonstips? Oppfølging over lengre tid? Ta kontakt!

Rita B. førland
Helseøster

Me gratulerer!

Vil få gratulere Malin og Lars med lille Sondre!!

Masse hilsener fra stolte tante Elisabet og onkel Ronny, og søskenbarn Irmelin og Sunniva!!



Bygdabladet presenterer små og store jubilantar.

Send inn papir- eller digitalbilde og ein liten tekst, enten i konvolutt, som e-post:
jardar@bygdabladet.no eller som **MMS: 98 22 15 08**

Forskjellen på menn og kvinner

OM PENGER

En mann vil betale 100 kroner for en 50 kroners vare han vil ha.

En kvinne vil betale 50 kroner for en 100 kroners vare hun ikke vil ha.

OM ARGUMENTER

En kvinne har det siste ordet i enhver diskusjon/krangel.

Samme hva mannen sier etter dette, så betraktes dette som starten på en ny...

OM EKTESKAP

En kvinne gifter seg med en mann og venter at han skal forandre seg, men det gjør han ikke.

En mann gifter seg med en kvinne og venter at hun ikke skal forandre seg, men det gjør hun.



Regionsbanksjef på Haugalandet, Inge Reinertsen, kan overfor Bygdabladet bekrefte at SR-bank vil vera til stades i Bokn i framtida.

- Me ynskjer å kombinera innbyggjarane sine behov med ei forsvarleg og god drift av banken, seier Reinertsen, som med bakgrunn i positive signal frå "Bank i butikk" i Nedstrand vil tenka høgt, saman med bankrådet i Bokn, om korleis ressurs-

innsatsen i Bokn skal bli mest muleg effektiv i framtida.

Fleire lesarar er bekymra for dei framtidige banktenestene i Bokn, noko regionsbanksjefen forstår svært godt. Han fortel at bankleiringa ser på måten verksemda i småkommunane blir drive på og har ein intensjon om å tenka nytt og vera kreative.

Då banklokalet i Nedstrand stengde dørene og fekk "Bank i butikk" seks

dagar i veka, mista bygda rådgjevingstenesta. Bygdabladet har grunn til å tro at dette blir forsøkt prioritert i Bokn ved ei framtidig endring i driftskonseptet.

Reinertsen nemner at ei slik teneste t.d. kan ligga i Servicetorget på Boknataun.

Rådmann Jan Erik Nygaard synest dette er ein god tanke og imøteser ein god dialog med SR-bank dersom dette blir aktuelt.

Faren som lurer.....

Elisabet Taraldlien

Jeg og min kjære nabo Marianne Alvestad var ute på en av de fineste og varmeste høstdagene i september. Målet var å få trimmet litt, så turen gikk til Boknafjellet, men vi mente at når vi først var så godt i gang, kunne vi like godt ta naturstien rundt med det samme!!

Vi så gjorde, og naturopplevelsen uteble ikke!! Vi startet på naturstien fra kirka, og gikk mot nord. Rett etter å ha passert lerkeskogen, ble vi var noe i veien. Det viste seg å være en halvmeter lang hoggorm!!

Jeg hadde tilfeldigvis kamera med meg på turen, men i befippselsen fikk jeg ikke tak i det fort nok til å få tatt bilde av slangen. Den smøyg seg sakte inn i vegetasjonen i vegkanten og forsvant. Vi grøsset nok begge to, men gikk videre bortover veien, nå med øynene lettere oppsperret på utkikk etter eventuelle andre snikende slyngler.

Vi så ingen på ei stund, og senket gangen og øyenlokende litt, da vi skulle passere skiltet "TURVEG" ved starten på skogdelen av naturstien. Jeg følte sjøl jeg hadde full kontroll på hva som lå på bakken foran meg, da Marianne sier forsiktig:

- Hva er det....? Og der lå det jaggu meg en til!! Den-

ne var ikke like stor som den første vi så, men desto sløvere og like ekkel!! Jeg fikk sneket meg til å ta et bilde av hoggormen, og så fant vi ut at det er ingen skam å snu. Hvilket vi gjorde!!

På tilbaketuren oppdaget jeg en liten spissmus i veien. Den var død, kansje en lunsjbit til forannevnte kryp? Vel, vi fikk en fin tur for det vi, men en liten støkk også!!

Mvh.

ET - ivrig turgær!!



Eit ekstra familiemedlem

Hanne Marte Vatnaland

Familien vår kom på tanken etter eit oppslag i Haugesunds Avis, som fortalte at fleire utvekslings studentar som gjerne ville gå på skule i Noreg, mangla vertsfamilie.

Sjølv har eg lenge tenkt på å reise som utvekslingsstudent til neste år, så det å oppleve korleis det er å vere på den "andre sida" virka som ein god idé.

Elevane kjem frå alle moglege land, men den største straumen i år kjem frå Tyskland. Dei som vil til Noreg seier dei vil oppleva norsk natur og kultur, men òg ta del i ein typisk norsk kvardag som ein del av ein familie, og ikkje som turist. I tillegg er dei svært interessert i å lære seg norsk, og som vertsfamilie har me fått beskjed om å snakke norsk i heimen, slik at studentane plukkar opp ord, og vil lære fortare.

Ove Alvestad og familien hans skal også ha ein utvekslingsstu-

dent buande hos seg i Haugesund i eit år.

- Det er jo veldig spennande, og etter at eg har sendt e-post med ho så er det ikkje like skummelt som det var i byrjinga, seier dottera Rakel, som er like gammal som jenta frå Tyskland.

Korleis blir ein vertsfamilie?

Kven som helst kan bli vertsfamilie, einsleg eller ein stor familie; dei einaste tre krava er i følgje Youth For Understanding (YFU); mat, tak, og eit ope sinn.

Kort etter å ha har fylt ut eit søkeradsskjema (enten på web eller papir) får ein telefon, kor eit intervju blir avtalt så YFU kan bli kjend med familien før ein elev som vil passe inn i familien. Det er YFU som sørger for å skaffe eleven skuleplass, og elevane betalar sjølv skulebøker, aktivitetar, reiser, og har elles eigne lommepengar.

Veka før skulen byrjar kjem ele-

ven som skal bu hos oss, og alle i familien er veldig spente. Det er framleis fleire elevar som manglar familiar, så om det høyrdes interessant ut, kan du lese meir på yfu.no kor ein òg kan lese mykje om dei forskjellege elevane (interesser, familie osv).

YFU seier norske familiar er litt kritiske til å ta elevar frå andre land inn i heimane sine, men anbefalar sterkt å prøve. Spesielt elevar som sjølve tenker på å studere i utlandet får gode erfaringar, og sterke venskapsband blir knytte for livet. Besøk i ettertid er heller ikkje uvanleg.

YFU vart stifta i 1951 og har sidan det hjelpt norske studentar med å finne vertsfamiliar og skular i utlandet, og utanlandske studentar med å finne vertsfamiliar og skular i Noreg. Tanken bak YFU er at menneskjer skal møtast på tvers av språk, religion, ideologi, rase, kultur og seksuell legning, og forstå og respektere kvarandre.

Interesse for hytter i Lauplandsvågen

Reidar Alvestad

Infrastruktur snart på plass

Terje Gulbrandsen i firmaet Brødrene Gulbrandsen Eiendom AS som skal stå for utbygging og salg av 27 hytter på sørssida av Lauplandsvågen, seier til Bygda-bladet at dei nå er i full gang med å ferdigstilla infrastruktur med veg, vatn, avlaup og elektrisk straum i området kor hyttene skal byggast. Han seier det blir topp moderne anlegg med alle fasilitetar.



Tilførselsveg er bygd inn i området frå den kommunale Arsvegen. Eit stykke inne på vegen står det anleggsmaskinar, utstyr og brakker. Her deler vegen seg i to retningar. Den mot venstre går til det som skal bli badestrand, den til høgre til der det blir lagt ut brygger og bygd sjøhus.

Først visningshytter

Firmaet har nå planar om å setja opp eit par hytter i løpet av ein månads tid, slik at folk som er interesserte kan koma og sjå, og kanskje kjøpa. Firmaet vil då avverta ei visningshelg eller to, og interesserte kan sjå korleis hyttene blir sjåande ut, og eventuelt kjøpa, eller finna seg tomter kor det elles skal byggast hytter.



Her nede skal det leggast ut fleire brygger og naust. Området ligg eit stykke ut mot riksvegen, ikkje så langt frå bruа som går over innløpet til vågen. Ein ser bruа i bakgrunnen.



Her skal det fyllast opp med fin sand og bli badeplass. I bakkant ser ein utløpet av Lauplandsvågen med bruа.

I utlysingsannonsen vil dei også visa til ei web-side kor ein kan gå inn og finna nærmere opplysningar om prosjektet.

Det er 3 ulike variantar av hytter, pluss 10 stk. som meir eller mindre skal ligga i rekkeliknande samanhengar. Antalet hytter som blir frittliggande er 17. Til saman blir det 27 einingar.

Maritimt

Sidan tomteområdet grensar til Lauplandsvågen, vil det også bli lagt til rette for naust, brygger for båtar, plass for fiskeutstyr og badeplass.



Her er ei oversikt over hyttefeltet.



Oppsøkande litteraturförmidling

Leseleiarar skal formidla litteratur til grunnskulelærarar, førskulelærarar og foreldre.

Trude Hoel ved Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger seier til Bygdblæt at det er viktig å kunne imøtekoma førespørslar om ein lys levande formidlar til ein overkomeleg pris. Derfor har senteret etablert ei Rogalandsgruppe med leseleiarar, som i første rekke skal formidla ny litteratur.

På Haugalandet er det lærar ved Bokn skule, Wenche L. Havikbotn, som er den lokale leseleiaaren.

Leseleiarane kan formidla til vaksne på planleggingsdagar i samband med leseprosjekt (dagtid, kveldstid), teammøte, matpausar, foreldremøte o.l. Presentasjonane gir fristande smakebitar på bøker.

Spesialkompetanse

Leseleiarane blir rekrutterte blant studenter ved Universitetet i Stavanger, særleg frå vidareutdanningskursa knyttta til lesing og litteraturförmidling. Desse formidlarane jobbar i skulen, dei har spesialkompetanse på lesing og leseopplæring og dei er personleg interesserte og engasjerte.

Leseleiarordninga er tiltaksbasert og frivillig, og overføringsverdien av sat-singa er stor. Derfor ynskjer Lesesenteret i neste omgang å vidareføra leseleiarane nasjonalt ved å etablira leseleiarkorps som dekker det meste av landet.

Frå fredag 2. september 2005 kan skular og foreldregrupper booka ein leseleiar på heimesida til Lesesenteret (www.lesesenteret.no). Oppdragsgjevar forespør den aktuelle leseleiaeren direkte eller avtaler tid og stad, og rapporterer til Lesesenteret i etterkant.

Leseleiarane sitt honorar er kr. 1.000 pr. time. For foreldremøte i skulen betalar oppdragsgjevar kun kr. 500, og i tillegg bidrar Rogaland fylkesbibliotek med kr. 500 pr. foreldremøte. Leseleiarane er også et tilbud via "Den kulturelle skolesekken" i Rogaland.

Sport

Boknarar i haustform

Jardar Havikbotn

Fem av Bokn sine seks aldersbestemte fotballlag var i aksjon på årets Labb & Line Cup.

Den tradisjonelle og godt organiserte turneringa gjekk av stabelen 10. september i eit nydeleg haustvér, og utover dagen varma sol frå skyfri himmel så mykje at det nesten svei gjennom kleda.

Innsatsen og prestasjonane frå spelarane varma også. Den flotte grasbanen ved Frakkagjerd ungdomsskule var som vanleg delt i fire, og her kunne ein berre vandra frå den eine til den andre kampen der boknalag var involverte.

For nå er det så populært med fotball at me hadde med oss tre guttelag og to jentelag (det yngste guttelaget har også jenter med på laget).

Gode resultat

Og trenarane strålte om kapp med sola, forståeleg når ein tar ein titt på resultatlista. Den gladaste trenaren må vera Kjell Olav Skjelde, i alle fall om ein skal legga serieresultata til grunn. Jenter 9 år, som er det ferskaste laget i Bokn, vann to av kampane sine. Prestasjonen blir ikkje mindre når Kjell Olav opplyser til Bygdabladet at han delte laget (13 stk.) i to lag og bytta i pausane, slik at alle fekk spela like mykje.

Dei to yngste guttelaga vann alle kampane sine. Guttar 10 år vann ein av kampane med ein skikkeleg målfest og fekk to knepne tap, medan det eldste jentelaget spelte jevnt med motstandarane og fekk to uavgjorte og ein siger.

40 års jubilanten Stegaberg idrettslag hadde, med eit imponerande stadionanlegg, full kontroll på omlag 900 unge fotballspelarar frå heile distriktet. 89 lag spela 135 kampar på løpende band frå kl. 08.30 til 18.00.

Opplevinga for dei alle yngste hadde nok blitt betre med mindrebane og meir konsekvente arrangørar med tanke på 5-er fotball, men dette er nok vanskeleg

å tilrettelegga i ei turnering der lag i fleire aldersklasser skal spela på same bane.

67 prosent

Ein fantastisk flott innsats av alle lag vitnar om at mange unge boknarar er i god form, i ei datatid med stor fokus på fysisk fostring.

Formann i Bokn idrettslag, Per Helge Sunde, gler seg stort over at omlag 80 av 120 elevar på Bokn skule nå spelar fotball, og seier at styret gjer det dei kan for å støtta godt opp.

Bygdabladet har god grunn til å tru at det på ynskjelista til Bokn IL m.a. står fleire mål og gode slå- og merkerutiner av grasbanen. Det har hendt at gjestande lag har måttta venta på tur for å avvikla kamp pga. for få mål. Grashøgda er som regel eit heitt tema på kampane. I haust er også høgt gras blitt kommentert av gjester.

Det bør heller ikkje vera tvil om kven som skal merka opp banane, ev. flytta på mål og legga andre ting til rette for gode fotballopplevingar for dei unge.

Med seks lag er det ikkje plass til alle på gymsaltimeplanen på ettermiddagstid, og Bokn IL har eit sterkt ynskje om å rusta opp grusbanen i Alvestad nærmiljøanlegg, både med tanke på trening og avvikling av kampar.

Med god planlegging, samarbeid og nok ressurser tilrettelegg ein denne aktiviteten på ein god måte.

C	G7	Bokn - Falkeid	1-0	
U	Bokn - Stegaberg 3	5-4	Bokn - Djerv 1919	0-3
P	Bokn - Stegaberg 1	5-3		
R	Bokn - Skjold	4-3		
S	G8			
U	Bokn - Torvastad	5-3	Bokn - Nord 2	1-0
L	Bokn - Stegaberg	6-2	Bokn - Nord 1	1-1
T	Bokn - Skjold	4-1	Bokn - Kolnes	0-0
A	J9			
T	Bokn - Stegaberg 2	1-0	Bokn - Djerv 1919	1-3
			Bokn - Stegaberg	11-2
			Bokn - Åkra	1-2



Kommunestrukturprosjektet i Rogaland

Jan Erik Nygaard

Arbeidet med å greia ut konsekvensene av ei eventuell komunesamanslåing mellom Tysvær og Bokn er i gong.

Som ein del av behandlinga av rapporten om "Kommunestrukturen i Rogaland – i går, i dag, i morgen?" har Bokn og Tysvær kommunestyre fatta likelydande vedtak om det skal gjennomførast samtalar for å sjå på kva konsekvensar ei eventuell komunesamanslåing vil ha for innbyggjarane og utviklinga av dei to kommunane.

Kommunal- og regionaldepartementet har løyvd kr. 200.000,- til utarbeiding av konsekvensutgreiinga. Ei føre-setnad for dette er at ein etter utarbeiding av konsekvens-utgreiinga gjennomfører ei rådgjevande folkeavrøysting i begge kommunane.

I tillegg har kommunestyra i Tysvær og Bokn også gjort vedtak om at det skal lagast eit forslag til ein avtale om lokaliseriing og organisering av det framtidige tenestetilbodet i dei to kommunane.

Som styringsgruppe for dette arbeidet er vald:

1. Ordførar i Bokn, Svein Ove Alvestad – leiar
2. Ordførar i Tysvær, Reidar Pedersen – nestleiar
3. Formannskapsmedlem i Tysvær, Randi Røttedal
4. Kommunestyremedlem i Bokn, Kyrre Lindanger
5. Representant frå dei tilsette i Tysvær, hovudtillitsvald Fagforbundet Frode Løland
6. Representant frå dei tilsette i Bokn, hovudtillitsvald Fagforbundet Lindy Haram
7. Rådmannen i Tysvær, Arne Jensen
8. Rådmannen i Bokn, Jan Erik Nygaard – sekretær

Styringsgruppa hadde det fyrste møte den 23. juni med fylgjande agenda:

- Val av leiar, nestleiar og sekretær
- Mandat for konsekvensutgreiinga – framdriftsplan for prosjektet
- Drøfting om det vidare arbeidet med utarbeiding av avtale mellom kommunane om framtidig tenester
- Avklaringsmøte mellom kommunane og Kommunal- og regionaldepartementet
- Mål vidare for prosessen – forhold til dei tilsette

Konklusjonar frå møtet:

1. Styringsgruppa har lagt opp til fylgjande framdriftsplan:

- Konsekvensutgreiinga skal vere ferdig utarbeidd i løpet av 2005 og leggast fram for politisk behandling i kommunestyra i løpet av januar

2006

- Informasjon til innbyggjarane om konsekvensane ved ei eventuell komunesamanslåing gjennom folkemøter, kommunane sine heimesider o.l., gjennomføres våren 2006
- Rådgjevande folkeavrøysting gjennomføres hausten 2006

Dersom det ved folkeavrøystinga blir eit ja til samanslåing i kvar av kommunane vil ein avholda :

- Felles val Tysvær/Bokn ved det ordinære kommunestyre-valet hausten 2007 og etablering av den nye kommune frå 1. januar 2008.

2. Forhold til dei tilsette:

- Ei komunesamanslåing er ei virksomhetsoverdragelse etter loven, og dei tilsette blir overtatt av den nye kommunen. Ingen blir difor oppsagte som fylgje av ei eventuell komunesamanslåing.

Styringsgruppa for komunesamanslåing mellom Tysvær og Bokn har hatt møter den 29. august og den 14. september.

Økonomiske forhold

I møte den 29. august deltok statssekretær frå Kommunal- og Regionaldepartementet, Just Hjalmar Johansen. Han orienterte om dei økonomiske konsekvensane ei eventuell komunesamanslåing ville få for kommunane. Hovudprinsippa vil vera at kommunane får behalda dagens tilskott, basistilskott og regionaltilskott i 15 år med ei nedtrapping dei siste 5 åra. I alt utgjer dette ein samla sum på ca. kr. 115.000.000,-. I tillegg vil kommunane kunne forventa å få dekkja 40 – 60% av eingongskostnader med samanslåinga. Ut over dette vil det kunne vere mogleg å søkje om midlar til infrastrukturtiltak i begge kommunane.

Tenesteproduksjonen i kommunane

Til møte den 29. august hadde rådmennene gjort ei førebels vurdering av kva konsekvensar ei eventuell komunesamanslåing ville kunne ha for tenestene i kommunane.

Førebels konklusjonar er at alt ligg til rette for at begge kommunar vil kunne behalde gode, desentraliserte tenester etter ei komunesamanslåing, på omrent tilsvarande måte og nivå som i dag.

Utarbeiding av konsekvensutgreiing

Det skal utarbeidast ein konsekvensutgreiing som skal ligge til grunn for den vidare saksbehandling i kommunestyra og som grunnlaget for informasjonen vidare ut til innbyggjarar og tilsette. Konsekvensutgreiinga skal delvis utarbeidast i eige regi og delvis gjennom innleidt konsulentfirma. Styringsgruppa gjekk på møte den 14. september gjennom grunnlaget for utarbeiding av mandatet for konsekvensutgreiinga.

Det eldste jentelaget får representera unge boknarar i haustform denne gong:

PREMIEUTDELING PÅ LABB & LINE-CUP 2005:

Fv. Celina Bokneberg, Ida G. Schmeichler, Irmelin Taraldlien, Oddrun Grønnestad, Silje Eide, Karina Kjetland og Sandra Jøsang.

Foran med maskoten: Charlotte Olausen



Dugnad

Jardar Havikbotn

Det er fantastisk flott når dugnadsånda slår til for fullt, når folk står saman og tar ansvar for å skapa noko positivt.

Havnavegen velforening er igjen eit godt døme på dette. Denne gong er det ikkje bygging av leikeplass, men ballbinge det gjeld. Mange arbeidstimar er allerede lagt ned, og når dette blir lese er det sannsynlegvis sjølve veggane som er i ferd med å koma opp. Planen er at kunstgraset skal leggast innan 20. oktober.

Ein ballbinge er eit nærmiljøanlegg åleine og foreningen har tidlegare mottatt kr. 200.000 i spelemidlar til dette prosjektet. Denne type ballbinge er ein "Gjør det selv-binge" og same type som den ein satsar på å setja opp ved klubbhuset til Bokn IL neste år. Då kan me gjera oss nytte av erfaringar frå det arbeidet som pågår nå.

Det me allerede veit er kor viktig det er med gruppeleiatarar når ein jobb skal gjerast, personar som veit kva som skal til for å nå målet.

Havnavegen Vel er heldige som har fagpersonar på alle sentrale område innan bingeprosessen, og når desse også opptrer som eldsjeler må resultatet bli bra.

Ei lita bygd som Bokn er avhengig av at innbyggjarane går saman om å investera i framtida. Føresvik nærmiljøanlegg blir eit stort fellesloft. **La deg inspirera av dugnadsmobiliseringa ved Hålandssjøen!**



FORSKALING 17.09: Fv: Arild Nilssen, Geir Ognøy, Helge Kristian Nilssen.
I bakrunnen Kyrre Lindanger, Kjell Olav Skjelde (gruppeleiatar), Frode Våge og Børst Åge Øvrebø. Samtlege i gruppa var på plass kl. 08.00 laurdags morgen.


På kino 18. okt.

HERBIE –
FULL
TANK(alle)



En av de kjæreste og mest magiske

ke figurene i filmhistorien er tilbake, i Disneys nye, sprudlende og fartsfylte familiefilm. Og ikke bare er han i ferd med å bli gjenoppdaget, men han har også fått en real overhaling, større fart og bedre triks. Den legendariske folkevognboba som ble et ikon på 60-tallet, er på farten igjen.



**WEDDING
CRASHERS**
(11 år)

Hemningslös komedie med Vince Vaughn og Owen Wilson som de to skilsmisse-advokatene og bardomsvennene John och Jeremy. Som aldri har blitt utestengt fra et bryllup de ikke har fått invitasjon til.

Høst

Sommeren har listet seg så stille på tå nå er den borte og høsten siger på Kaldere i lufta og og med klarere smak fuglene samles til felles vingeslag

Høsten har vært stille og ventet på signal på Bokn starter jakten på havets kardinal Trærne skifter farge under er en jeger på lur med hjort i blikket håper han at vinden ikke snur

På bakken vokser det saftig sopp med pensel, kurv og kniv blir de varsomt plukket opp Torner vokter bæret dypt inne i et kratt selv med varlig hånd blir det fort en blodig skatt

Lageret er ladet med sommer og høst Nyrørte bær pålegg med smaken av trøst Ute fryser treet reiret blåsor ned Jeg tenner lys mot mørke og for evig fred

Kjetil Hamre



Foto: Ole Jakob Vorraa

50 år sidan me fekk elektrisk straum

Tekst: Sigvart Våga - foto: Reidar Alvestad

Stort framsteg

Ein av dei største ting som har hendt oss, var då me fekk elektrisk straum. Det er i år 50 år sidan.

Det kan vera grunn til å feira det litt. Me kan sjå litt på forhistoria til denne saka.

Forhistorie

Etter at Haugesund hadde fått straum i 1909, vokna interessa for dette også på landsbygda. Fyrste gong me høyrer om dette i Bokn kommunestyre, er 18.juni 1913.

"Man blev enige om at trekke seg tilbage, og ikke delta i det tillyste møte i Haugesund. Grundet at representantene hadde erfart at sagen har lid den stemning for seg blant folk, og at kommunen have mer nærliggende og viktigere oppgaver at fremme. Og man antar også at have betydelig vannkraft innen sin egen midte der kunne nyttig gjøres."

Det siste såg dei anleis på i neste kommunestyreperiode, då dei som svar på utkast til ny vassdragsplan som var ute på høyring, svara:

"-da der ingen vassdrag av betydning er under kommunen, vil man ingen uttalelse give."

Men saka dukka jo sjølv sagt opp att, og i 1919 vart det oppretta eit selskap **Haugesundshalvøens og Karmøens Kraftlag**.

Men det gjekk tregt, var vanskeleg å skaffe pengar. I 1922 var ein komen så langt at ein hadde tilslagn om lån mot kommunegaranti. Bokn sin del var kr. 30.000,-. Kommunestyret sa nei. Det gjorde også fleire andre.

30.januar 1925 kom saka opp på ny med spørsmål om garanti, no for eit mindre beløp. Men 27. mai same året trekte kommunen seg. Laget vert no på ein måte delt mellom dei kommunane som ville byggje ut, og dei såkalla "passive" kommunane.

Saka var oppe i kommunestyret 31.oktober 1931 grunna skriv frå advokaten. Der gjorde kommunestyret vedtak kom at **"Bokn vil framleis stå saman med dei andre passive kommunane"**.



I 1936 på ny brev frå advokaten. No kvitta ein seg med både gjelda for dei kostnaden ein hadde vore med på, og advokaten.

Denne komfyren frå 1955 då straumen kom til Bokn, står i hytta hos Arvid og Øyfrid Alvestad. Komfyren har vore i bruk i 50 år og er i bruk ennå. Hytta ligg i Alvestad-kroken og er det huset Bertine Hansen Alvestad, som er Arvid Alvestad si bestemor, eigde og budde i.

Gjelda vert betalt med kr. 3227,- advokaten fekk kr. 322,-.

Haldninga snur

Etter krigen vart det ny vri. Karmsund Kraftlag vart oppretta. No var vel staten komen meir inn. 28. juni melder Bokn seg inn i kraftlaget. Kontingent var kr. 2.000,-, og 9. august vart det valt 2 til representantskapet. I 1953 vart arbeidet sett i gong. Samla kostnad var rekna til kr. 800.000,-. Av dette var kr. 500.000,- statstilskot.

Førebuinger lokalt

Dei enkelte husstandar måtte teikne seg som abonentar. Då me ikkje hadde nokon administrasjon den gongen, vart det formannskapet si oppgåve. Det var vel stort sett enkelt, for dei fleste hadde vel sett fram til dette. Men der fanst og dei som i fyrste omgang ikkje var interessert. Ein person forsikra at han heller ville liggje på kne og rive lyng resten av livet. Men han vart med han og.

Då ein var rundt og teikna abonentar, var kontingen for dette kr. 300,-. Det tilsvasar for å rekne rundt kr. 10.000,- i dag. Så det var sakte litt pengar for mange. Men så, når ein var ferdig med dette, sette kraftlaget opp kontingen til kr. 400,-. Kommunestyret tykte det var vanskeleg å koma etterpå og krevja kr. 100,- til, så den 6.oktober 1955 løvdie kommunen desse pengane for alle fastbuande. Dette var sjølv sagt ein bra sum på kommunen og.

Då linja gjekk over Tysvær og Ognøy, vart utbygginga ferdig først på Austre Bokn. Den var ferdig hausten 1954. Me hadde då vår eigen folkefest der, med fullsett bedehus. Neste haust var heile Bokn utbygd, unntake dei stadene der det aldri vart noko av. Folk hadde stort sett også fått lagt inn i husa etter kvart. Kyrkja var vel med det siste. Kommunestyret vedtok 12.november 1955 å leggja inn straum der.

Bokn vart utbygd relativt tidleg samanlikna med nabobygdene. Det gjekk enno 5 år før alt var ferdig i Tysvær og Nedstrand. Den 20.august vedtok kommunestyret å innby til gratis folkefest for å feire at elektrisitettsnettet var ferdig utbygd. Festen vart halden på Kyrkjebygd skule sundag 30.oktober. Fyrst middag for kommunestyret og folk frå kraftlaget, og om kvelden fest for alle. Alt det praktiske tok husmorlaget seg av.

Litt var det feira før og. I juni 1953 var ordførarane i området på tur til Matre med fest om bord på D/S "Sunnhordland" for å feire 1. byggjesteg i utbygging av dei såkalla "Blåfalla".

Det var jo langt fleire kommunar då, både i Karmsund Kraftlag sitt område og i Sunnhordland. Det var 7 kommunar berre i Karmøy.

"Det vil være hyggelig om alle også tar sin frue med." står det i innbydingsbrevet.

Straumen var rasjonert den fyrste tida. Det var ein automatsikring, ein såkalla "tapp" som sprong ut når ein oversteig den straummengden ein hadde lov å bruke. Dette var 1500 watt for vanlege hushald og 2000 watt på gardsbruk av litt omfang.

Eit uttrykk mykje bruka i dei fleste hus var: "tappen e' gåen". Så var det å trykkje den inn att, etter å ha slege noko av.

**1. januar 2006 trer ny
lov om obligatorisk
tjenestepensjon i kraft.
Er din bedrift klar?**

SpareBank 1 SR-Bank Bokn vil i den anledning avholde informasjonsmøte for bedrifter, og ønsker velkommen til lunchmøte.

Sted: Allrommet på Boknatun

Tid: Mandag 3. oktober kl 11:00

Møtet er åpent for alle.

På grunn av servering ber vi om bindende påmelding innen 28.09.

Påmelding kan gjøres på

- www.sr-bank.no
- telefon: 52 74 82 21
- e-post: kundesenter@sr-bank.no

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m³ fritt utkjørt innmark

Kr. 160,- pr. m³ fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy**

51 72 31 33

900 16 817

Ved til salgs!

Leveres fraktfritt på
Bokn.

Andrej Dobrev
93 09 31 07 e.kl.16.30
Evt. 52 74 84 79

Knalltørre ved

Låvetørket blandingsved,
eik, furu m.m. - 30 cm i
40 liters sekker

Kr. 30,- pr. sekk - tilkjørt

Tlf. 97 16 56 84

Hjertelig takk for blomster og helsingar ved Marta
Sæbø sin bortgang.

Ein spesiell takk til Bokn sjukestove for pleie
og omsorg.

Familien

Kreativitetsprisen

Bokn næringsforum ønsker at personar som er
krea-tive eller står på for sine eller andres idéar skal
få meir oppmerksomhet.

Me vil derfor starte med Kreativitetsprisen.

Det er ingen aldersgrense for å få tildelt prisen, men
ein må vere innbygger i Bokn.

Me ønsker derfor forslag til kandidater fra bedrifter
eller privatpersoner innen 15 oktober.

Hilsen

Bokn næringsforum



Svart Simo Classic

bagvogn m/crom understell og regntrekk.

Selges kr. 800,-

52 74 85 34

Nå starter vi opp igjen en tradisjon på Bokn

Irsk aften

Fredag 07.10.05 på Sjøhuset i Alvestadkro-
ken

Åpent fra kl. 20.00

Salg av mat

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial

- Bensin–Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

coop
marked



Spyling av hovedvannledningsnettet

Det vil foregå spyling av hovedvannlednings-nettet på dagtid i uke 40.

I denne perioden kan det forekomme redusert trykk og litt grumset vann. Dette er ikke farlig.

Teknisk seksjon

Frå formannskapsmøte 30.08.05

Sak nr.:041/05 BUDSJETTKONTROLL 2005 KVARTALSRAPPORTER.

Formannskapet sitt vedtak:

Økonomirapporten for perioden 01.01.05 -30.06.06 tas til etterretning med følgjande budsjettendring:

Auka driftsinntekter seksjon helse, kr. 398.000,- vert nyitta til styrking av posten avsett til tilleggsløyvingar.
Teknisk ramme blir styrka med kr 50.000.

Formannskapet ønsker ei sak frå helse om situasjonen for krevjande brukarar.

Sak nr.:042/05 STRATEGISK NÆRINGSPLAN, SNP 2006-2010

Formannskapet sitt vedtak:

Bokn kommune ser positivt på at næringsliv og kommunane i fellesskap utarbeider målsettingar, strategiar og forslag til tiltak for utvikling av arbeidsplassar på Haugalandet.

I tillegg til dei prioriterte satsingsområda som er foreslått i planen, vil ein foreslå at næringsmiddelindustrien blir oppført som eit 4. satsingsområde.

Sak nr.:043/05 POLITISK HANDLINGSPLAN OG ØKONOMISK TILTAKSPLAN.

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet vedtok samråystes å ta opp saka i eit eige møte den 13.09.2005 og som ein del av kommuneplansaka til møte 27. august 2005.

Sak nr.:044/05 KOMMUNESAMMENSLUTNINGSPROSJEKT TYSVÆR/BOKN - orientering framdrift.

Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

Sak nr.:045/05 DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN - PROSJEKTGRUPPE

Formannskapet sitt vedtak:

1. Det blei vedtatt. prosjektgruppe i "Den kulturelle skolesekken" i tråd med saksutgreiinga.
2. Ingjerd Ellingsen og Jardar Havikbotn kan sammen disponera dei årlege øyremerka midlane som kjem frå Fylkeskommunen, i tråd med intensjonane til DKS.

Sak nr.:046/05 EVENTUELTT.

Formannskapet vedtok møte sammen med soknerådet.

Sak nr.:047/05 SØKNAD OM DRIFTSTILSKUDD I LANDBRUK.

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet vedtok å innvilga støtte som omsøkt.

TV-aksjonen 2005

Årets TV-aksjon heiter **Drømmefanger** og går av stabelen søndag **23. oktober**.

TV-aksjonens har ein visjon: Me draumer om ei verd utan vald mot kvinner.

Drømmefanger skal bekjempe vald mot kvinner. Kvar tredje kvinne i verda blir utsatt for seksuelle overgrep eller andre formar for vald i løpet av livet.

Overgrepa skjer i alle kulturer og sosiale lag, mot så vel små jenter som voksne kvinner. Valden finst overalt. Men det gjer ikkje hjelpetiltaka. Der fattigdommen er størst, er tilbodet dårligast.

Kvar historie er forskjellig. Enten den er fra Latin-Amerika, Afrika, Midt-Østen, Asia, Aust-Europa eller ein stad i Noreg for den saks skyld.

Men kvar historie er også lik. For alle som er ramma bærer på den same draumen: Om å kunne vakna kvar morgen til ein kvardag utan vald.

TV-aksjonen skal gi ein stemme til dei som i dag ikkje blir høyrd. Og samla inn pengar til prosjekt som gir kvinnene høve til å skapa eit betre liv.

FOKUS – Forum for Kvinner og Utviklingsspørsmål – har årets TV-aksjon.

FOKUS er en bred sammenslutning av over 60 kvinneorganisasjoner og kvinneutvalg i Norge som arbeider for å bedre kvinners situasjon internasjonalt gjennom egne bistandprosjekter.

Hvis du er interessert i å hjelpe valdsutsette kvinner verda over kan du meldu deg som bøssebærar 23. oktober. Ta kontakt med kulturkontoret innan 10. oktober.

Fredag 21. Oktober blir det eit arrangement på skulen til inntekt for **Drømmefanger**. Følg med på oppslag og på www.bygdabladet.no

FN seier at vald mot kvinner er eit av dei mest omfattande brot på menneskerettane:

- Kvar tredje kvinne i verda blir utsatt for vald og overgrep i løpet av levetida si.
- Kvar fjerde kvinne opplever vald i sin eigen heim.
- 4 millionar kvinner og jenter blir kvart år kjøpt og solgt verda over - til ekteskap, prostitusjon eller slaveri - 700 000 her i Europa.
- 2 millionar jenter blir kjønnslemlæsta kvart år.

Bli med
på årets
TV-
aksjon!
98 22 15 08



Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.
For timebestilling tlf. 52 74 84 79
Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefondid kl. 8.00 - 15.30
Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.
Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

Kontoret er stengt 12.10 - 26.10
09.11 - 23.11

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

DAGSENTERET

Tid: kl. 10.00 - 14.00
Stad: Fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkommen.
Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivitør

Stort forsidebilde

Morgenstemning på Ognøy

Foto: Ida Marie Skeie

Ida Marie Skeie, som er fotolærling ved Media Kjевik, kjem frå Kopervik, men har vore mykje på hytta og sommarhuset til familien på Bokn sidan ho var lita jente.

Her har ho fotografert kontrasten mellom to forskjellige verdener så tett innpå kvarandre.



Bygdabladet

for BOKN

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

BYGDABLADEMEND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no
Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no
Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartside	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

Boknabåten under bygging

Reidar Alvestad

Tilhøyrer bygdemuseet

Den over 100 år gamle boknafæringen som Eivind Øvrebø har lagra for Bokn Bygdemuseum, vart fredag kveld den 26. august slept frå Bokn til Ryfylke Trebåtbyggeri på Judaberg på Finnøy. Det er båtbyggaren Jørn Flesjå som skal brukha han som mal til to nye færinger. Han syntes oppdraget var svært interessant, då det ikkje var bygd kopi av denne færingen i seinare tid.



Johannes Nilssen i færingen. Ordførar Svein Ove Alvestad og Egil Ognøy i båten.


Bygd på Austre Bokn

Den gamle 18 fots færingen er bygd ved det tidlegare båtbyggeriet i Gongstø ved Ørvabovågen på Austre Bokn i 1890-åra. Han var ein av 6 nominerte kulturminner i kulturminnestafetten i 1997 då kvar kommune skulle velja ut sitt kulturminne.

Her hadde det vore båtbyggeri heilt frå før 1850. Det skal ha arbeidd 4 mann i dette båtbyggeriet på det meste, men det var ikkje heilårsdrift. Dei som arbeidde der, dreiv fiske om vinteren. Materialer til båtane kjøpte dei inne i fjordane.

Innsamling 17.mai 2005

Bokn båtforening hadde 17.mai i år ei 100-kronerulling til inntekt for ein ny færing kor boknabåten skulle vera mal. Ein slik ny færing kostar i utgangspunktet kr. 35.000,- kr. før detaljane er på plass. Dei fekk inn kr. 8.200,- på denne innsamlinga.



Ordførar Svein Ove Alvestad har nettopp ausa færingen tom for sjøvatn.

Tidlegare har dei fått kr. 10.000,- i ekstra kulturmidilar av kommunen til dette føremålet. SR-bank har gitt kr. 5.000,- og Bokn Bufellesskap har også gitt kr. 5.000,-. Det er også lova kr. 5.000,- frå Sanitetsforeninga, så dei er ikkje langt frå målet.



Klar for å endra retning sørover med boknafæringen på slep mot Finnøy. Det var Arild og Egil Ognøy pluss Johannes Nilssen som leverte båten på Ryfylke båtbyggeri.

Svein Ove Alvestad skal også få bygd ein tilsvarande båt privat.

Johannes Nilssen i båtforeninga seier at deira båt skal vera tilgjengeleg for allmenn bruk, og ligga på ein stad der folk kan nytta han. Han seier også at desse to nye færingane skal brukast til kapproing 17.mai. Han meiner at begge skal vera bruksklare til neste års 17. mai.